



Uttale til søknad om konsesjon med konsekvensutgreiing – Fyresdal Solkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing frå Solgrid AS for Fyresdal solkraftverk. Solgrid AS søker etter energilovas § 3-1 for å bygge, eige og drive Fyresdal solkraftverk. Solkraftverket er planlagt med ein installert effekt på 14,8 MWp og ein forventa årleg energiproduksjon på 15,2 GWh, noko som svarer til årsforbruket til om lag 760 husstandar.

Den planlagde solcelleparken er tenkt plassert rett aust for Fyresdal Flyplass, og ligg i sin heilskap i område avsett til LNF-R. Planområde utgjer 300 daa, og ligg tett på Fyresdal sentrum, bustadområde og aktivitetsarenaer. Planområde er delt i to del-områder; område 1 ligg mellom flyplassen og Vadlivegen, delområde 2 ligg på både sider av veggen til Nyli. Rambøll har gjort konsekvensutgreiing av solcelleparken på oppdrag av Solgrid AS.

Fyresdal kommune er beden om å gje høyringsuttale til saka, og har fått frist til 02.12.2024 med å kome med slik uttale. I uttala fyljer punkt Fyresdal kommune meiner er viktige å belyse i samband med ei eventuell utbygging:

Arealbruk

Fyresdal er ein kommune som bidreg til den nasjonale kraftproduksjonen, og potensiale for ytterlegare kraftproduksjon bør vurderast. I samfunnsdelen i kommuneplanen (2023-2035) er det lagt særleg vekt på at arealutnytting skal vere berekraftig, slik at ein kan arbeide for vekst i næringsutvikling, auke i bu-lyst og bruk av areal. I samfunnsdelens strategi for areal, klima og miljø har Fyresdal kommune som mål å legge til rette for bruk av alternative energikjelder og energisparande tiltak, til dømes fornybar energi som sol og vindkraft.

Fyresdal kommune er i dag nær ved å lande eit datasenter på Molandsmoen, eit anlegg av store dimensjonar. Ei slik etablering vil gjere det naudsynt å sjå heilskapleg på bruk av areal knytt til Molandsmoen. Eksempelvis er det slik at datasenter genererer mykje varmeproduksjon som resultat av nedkjøling av maskiner. Dette er varme som i dag nesten utelukkande går til spille. Myldr Energipark og Fyresdal kommune ser difor på moglegheiter for å etablere industri som kan dra nytte av denne overskotsvarmen, og til det treng ein areal. Den planlagde solcelleparken legg beslag på ca 300 daa rett aust for flyplassen, i nær tilknytning til Molandsmoen Industriområde, og eit eventuelt datasenter. Solcelleparken kan ikkje dra nytte av spillvarme frå eit eventuelt datasenter, og såleis vil ein ved etablering av solcelleparken miste store, velegna areal til alternativ næring.



Inntekter til kommunen

Det er i dag ikkje noko nasjonal ordning for eigedomsskatt for solkraftanlegg, og Fyresdal Solkraftverk vil såleis ikkje gje direkte inntekter til kommunen. Solgrid har imedan utarbeida eit forslag til intensjonsavtale med Fyresdal kommune, for å gje kommunen inntekter frå anlegget. Intensjonsavtala er todelt; det skal setjast av midlar på eit «Fornybarfond», som er tenkt å gå til frivillige lag og organisasjonar som vert berørt av tiltaket, fondet skal administrerast av Fyresdal kommune. I tillegg er det skissera eit inntektsløp til kommunen, avhengig av marknadsprisen på straum. Marknadsprisen for kraft frå sol er svært usikker, og intensjonsavtala slik den er lagt fram gir eit svært usikkert, og marginalt inntektsløp til kommunen. Intensjonsavtala mellom Solgrid og Fyresdal kommune er ikkje ein del av høyringa, og vert ikkje vidare diskutera her, men det er klart at økonomi ikkje er eit insitament for Fyresdal kommune til å gå inn for bygging av Fyresdal Solkraftpark.

Solcelleparken omfattar to grunneigedomar. Fyresdal kommune er ikkje kjent med innhaldet i avtalene mellom Solgrid og grunneigarane, eller kva kompensasjon/leigeavtaler det her er tale om. Avhengig av det enkelte rekneskap vil grunneigarane måtte betale noko skatt av inntekter frå solcelleparken, men med bakgrunn i dagens skatteutjamning mellom kommunane vil ikkje dette ha innverknad på skatteinngang til Fyresdal kommune.

Ringverknadar på lokalsamfunnet

- **Arbeidsplassar**

Som det kjem fram av konsekvensutredninga til Rambøil vil Fyresdal Solkraftverk etter oppstart ikkje skape arbeidsplassar i Fyresdal. Det vil vere eit marginalt behov for vegetasjonspleie, og eit visst tilsyn med anlegg, gjerder etc, men dette vil vere av marginal karakter, og det er heller ikkje sikkert arbeidet setjast vekk lokalt. Under anleggsperioden kan det tenkjast at noko grunnarbeid kan utførast av lokale entreprenørar, men montering av anlegg, oppkobling m.m. vil det sannsynlegvis vere eksterne firma som utfører. Anslått byggetid er 6 månadar, og ringverknadar for lokalt næringsliv vil under utbygginga også vere marginale.

- **Bukvalitet**

Fyresdal Solkraftverk er planlagt rett aust for Fyresdal Flyplass, og vert såleis liggjande i nærleiken av bustadområde i Kåsegrend, Sitje, Nyli og Grunnvik. Fleire av gardane og husstandane vil ha direkte innsyn til solkraftparken, og fleire av dei innkomne høyringsuttalene går på nettopp dette; innsyn, bekymring for strålingsfare, spreieing ved eventuell brann, i tillegg til redusert framtidig verdi på gardar og bustadhus som ligg nær til anlegget.



Bu-lyst går også på korleis ein kan nytte nærområdet. Som tidlegare nemnt i uttala er arealutvikling også viktig for bu-lyst i kommunen. Solcelleparken skal gjerdast inn med 2 meter høgt gjerde, og bruk av området til friluftsliv, turgåing og rekreasjon vil ikkje lengre vere mogleg. I den samanheng er 300 daa eit stort område når ein talar om nærfriluftslivet. Området har ei rekke vegar og stiar, vegane gjennom området vil haldast opne, men stiar som ligg innanfor gjerdet vil verte avstengde.

I konsekvensutgreiinga er det lista opp avbøtande tiltak, og bevaring av vegetasjon er nemnt som eit tiltak som vil minimere visuell verknad. Dette er lite foreinleg med solinngang til panela, noko også konsekvensutgreiinga omtalar. Garden Nyli vil verte næraste nabo til anlegget, og med høgdeforskjellen frå garden ned til anlegget, vil innsyn nærast vere umogleg å unngå. Dette er også visualisert i konsekvensutgreiinga. Solgrid har tilbydt å gjere vegetasjonsbeltet mellom Nyli og solkraftverket breiare, men med høgdeforskjellen frå tunet på Nyli ned til anlegget, vil ein uansett sjå delar av anlegget, om ikkje vegetasjonsbeltet er 20 meter høg gamalskog (vil ta 50 – 70 år å opprette).

- **Reiseliv**

Fyresdal har satsa tungt på reiseliv dei seiste åra, med Hamaren og Tretoppvegen i spissen har ein etablert eit attraktivt reisemål for inn- og utanlandske turistar. Det er lagt ned store verdiar i det å gjere sentrum og nærområde attraktivt; med servering av lokalmat, lokalvareutsal, autentiske overnattingsstader m.m. Konsekvensutgreiinga peikar på at friluftslivet, herunder Klokkehamaren og Tretoppvegen, vil bli noko forringa av den visuelle innsikta til solcelleparken, då særleg til delområde 2, og at dette får “noko negativ konsekvens” for friluftslivet. Dette er i seg sjølv eit tankekors, då det er investert betydeleg beløp og ressursar i oppbygging av reiselivet i bygda. Solkraftparken vil med sin storleik og arkitektur visuelt opplevast som eit framandelement samanlikna med øvrig industri- og forretningsbygg i området, og vil som det kjem fram av konsekvensutgreiinga vere synleg frå fleire av dei godt besøkte fjelltoppane i Fyresdal, mellom ana Vikfjell og Geitenetten. I tillegg til visuell innsikt vil tiltaket også kunne ha fjernverknad i form av gjenskin/refleks frå panela mot turområda i sør, ref. konsekvensutgreiinga.

- **Andre aktivitetar knytt til området**

Det er i dag knytt mykje aktivitet til Fyresdal Flyplass og kringliggjande område. Flyplassen er mykje nytta til skala-fly/jetfly, og nasjonale- og internasjonale klubbar kjem til Fyresdal for å trene og konkurrere. Norges Luftsportforbund og tre underforbund har skrive uttale til NVE, der dei meiner den planlagde solcelleparken vil vere øydeleggjande for deira aktivitet. Fyresdal Flyplass er pga sitt opne luftrom svært attraktivt for desse klubbane, og klubbane har sjølv lagt ned tid og pengar i å betre flyplassen som arena for deira aktivitetar. Klubbane er bekymra for krasj/styrt innanfor gjerde, og korleis dette skal handterast, då særleg av omsyn til tilkomst, og sikkerheit for



dei som skal inn på anlegget for å hente ut fly. Vidare er dei bekymra for brannfare i anlegget, då dei flyr med lett antenneleg bensin i modellane. Klubbane er også bekymra for at det kan verte i lagt flyforbod over solcelleparken, når/om ein styrt syner at aktiviteten utgjør ein stor risiko for verdiar i anlegget, og ikkje minst liv og helse for dei som skal handtere dette.

Norsk Luftsportforbund er også bekymra for fallskjermhopperar som skulle vere uheldig å lande innanfor gjerdet, då dette vil utgjøre ein risiko for både hoppar og personell som skal inn å hente ut forulykka hopparar. Dette er moment som ikkje er omtalt i konsekvensutgreiinga eller i søknad om konsesjon. Solgrid har svara ut nokre av høyringsinnspela med forslag til avbøtande tiltak, som t.d. fleire portar i gjerdet, vendt mot flyplassen og aktivitetsområde.

Fyresdal Motorsportklubb arrangerer dragrace på flyplassen, tett på den planlagde solcelleparken. Arrangementa er farts- og actionfylte billøp med stor fart, og frå tid til ana skjer det uhell og avkøyringar. Ei avkøyring inn i solcelleparken vil kunne få store konsekvensar både for anlegget, og liv og helse til førar og redningsmannskap.

Dei nemnte aktivitetane er alle vanskeleg å sjå konsekvensane av ved eit eventuelt uhell, og ser ein at konsekvensane blir urimeleg store, vil det kunne vere aktuelt å forby enkelte/alle type aktivitetar som utgjør risiko knytt til liv og helse i ulik form. Fyresdal kommune er lite tent med at aktivitetar knytt til Fyresdal Flyplass vil verte redusert eller avslutta som fylje av solcelleparken.

Fyresdal har også eit aktivt hestemiljø. Miljøet er bekymra for at mykje av det fine, lokalt tilgjengelege områda for riding vert beslaglagt av solcelleparken, med permanent gjerde rundt det 300 daa store området. Solgrid svarar dette ut med at bilvegane i området framleis vil vere opne og tilgjengeleg for riding.

Konsekvensutgreiinga omtalar i svært liten grad aktivitetar knytt til området ut over bruken av Fyresdal flyplass til fullskala hobbyflyging. Dette er ein svakheit, då området ligg nær opp til andre aktivitetsarenaer/flyplass/stall m.m., og det er naturleg at området vert nytta av desse.

Naturmangfald

Både dei to eigedomane innafor tiltaksområdet er aktivt drivne eigedomar. Det vil seie at skogbiletet varierer frå ung, nyetablert skog, til gamal, hogstmoden skog. Skogen dominerast av ei blanding av grån- og furu, med bærlyngarter som tyttebær, blåbær og røsslyng i feltsjiktet. Boniteten (voksestadens produksjonsevne) dominerast av bonitet 17, med noko innslag av bonitet 14 og bonitet 20. Dette er i Fyresdal rekna for å vere god skogsmark, og ved etablering av solcelleparken vil 300 daa produksjonsskog gå ut.

Av konsekvensutgreiinga kjem det fram at solcelleparken vil ha "noe negativ konsekvens" for naturmangfaldet i området. Dette kjem av at på naturleg utvikling av habitat innanfor solcelleparken så å seie vil stoppe opp. Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i at ordinært skogbruk (0-alternativet) utgjør "noe miljøskade", og at endringa til solcellepark ikkje er så



dramatisk som om skogen får stå urørt. Eit berekraftig skogbruk drive etter norsk PEFC-standard vil gjennom dei ulike livsfasane ha ulik grad av naturmangfald og artsrikdom, og ein meiner det er lite nyansert å seie at eit aktivt skogbruk i seg sjølv er naturøydeleggjande. målt opp mot arbeidsplassar/ringverknad berekraftig industri

Vedkomande dyreliv er det i konsekvensutgreiinga sagt at det ikkje vart funne spor eller sporsteikn som etter hjortevilt i området, og at området har liten verdi som funksjonsområde for elg og rådyr. Det er på det reine at både elg og rådyr nyttar det aktuelle området, dette kan ein og lese av statistikk for påkøyrdde dyr langs tilgrensande fylkesveg, og jaktstatistikk i nærområdet. Ei inngjerding vil gjere området utilgjengeleg som beite- og dagområde for hjortevilt, og redusere trekkveggar gjennom feltet.

Helse, miljø og sikkerheit

Fyresdal har, som mange andre små kommunar, eit brannkorps tufta på frivilligheit. Brannkorpsset har små ressursar, og er sårbare ved større hendingar. Sjølv om samarbeidet mellom kommunane er godt, tek det lang tid for brannkorps frå nabokommune å kome til Fyresdal om store hendingar skulle inntreffe.

Konsesjonssøknaden og den vedlagte konsekvensutgreiinga seier lite om kva for tiltak som er tenkt for å redusere risiko for/ved større hendingar. Tilkomst til anlegget i driftsfasen skal gå via vegen mot Nyli/Vadlidgrend. Det er kun planlagt ein port inn i kvart av dei tre delområda, portane knytast til internvegane inn i området. Med tanke på rask respons og tilkomst til anlegget er ikkje dette tilfredsstillande, dette må løysast med fleire portar og fleire, godt planlagde tilkomstveggar dimensjonert for utrykkingskøyretøy.

Området er i dag ikkje tilrettelagt med brannhydrantar/sløkkevatn, noko som raskt vert ei utfordring om uhellet skulle vere ute. Dette er ikkje omtalt i konsesjonssøknaden.

Som risikoavlastande tiltak i samband med KU er det nemnt hogstsoner på utsida av gjerde. Slik gjerde og installasjonar er plassert i planen, vil ein måtte nytte naboeigedom til slike branngater. Avbøtande tiltak vil vere å redusere talet på panel, og trekke panel og gjerde inn i planområdet, for å få branngate på utsida. Ei slik branngate vil kunne opparbeidast som veg, som igjen kan fungere som tilkomstveg til anleggets ytterkant.

Som tidlegare omtalt er Fyresdal Flyplass arena for luftsport, dette meiner vi er tatt for lite omsyn til i planen. Om ei alvorleg ulykke ifm fallskjermhopping skulle inntreffe, vil responstida vere alt for lang om ein skal nytte dei planlagde portane, og tilkomst mellom panela ikkje er foreinleg med bruk av utrykkingskøyretøy. Dette må løysast med betre planlegging i høve HMS.



Konklusjon

Fyresdal kommune bed NVE avslå Solgrid AS sin søknad om konsesjon for Fyresdal Solcellepark på den planlagde lokasjonen. Dette gjer mi med bakgrunn i fyljande:

- Bruk av areal rundt Molandsmoen Industriområde bør planleggast slik at ein optimaliserer ringverknadane rundt etablering av berekraftig ny industri.
- Fyresdal Solcellepark slik den er planlagt har ei uheldig plassering sett i høve bu-attraktivitet/-kvalitet knytt til nærområdet.
- Slik solcelleparken er planlagt vil den med sin storleik og arkitektur opplevast som eit framandelement samanlikna med øvrig industri- og forretningsbygg i området, den vil vere synleg frå Hamaren, Tretoppvegen og områda i sør, og verdien av Fyresdal som attraktivt reisemål kan/vil få redusera verdi.
- Utbygging vil kunne legge restriksjonar på bruken av Fyresdal Flyplass og kringliggjande område som aktivitetsarena for luftsport, motorsport og ridemiljø.
- Utnytting av arealet til alternativ næringsverksemd vil gje betre ringverknadar i lokalsamfunnet.

Fyresdal Kommune 28.11.2024